

Inviterer veteranar til fredsmarkering

RADØY: Veteranar frå heile Nordhordland er inviterte til markering på Sletta 8. mai.

Av Ketil Tjøre
ketil@strilen.no

– Dette er ei markering både for veteranar etter andre verdskrigen, og dei som har gjort teneste i utlandet gjennom FN- og NATO-styrkar seinare, seier Atle Bondevik, leiar i Nordhordland Forsvarsforening.

Foreininga tok i fjor initiativet til ei felles lokal markering av fredsdagen, der veteranar og krigsseglarar frå heile regionen vart inviterte med. I 2013 hadde dei markeringa i Eknesvågen, i 2014 vert det på Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta.

– Tanken er at det skal gå på rundgang i regionen. Kvar det vert neste år veit me ikkje enno.

99th Batallion

I fjor vart Radøy utfordra under markeringa på Ekneskaien, og radværingane sa ja til å vera med på eit arrangement ved utvandringssenteret.



VIL NÅ UT: Nordhordland Forsvarsforening, her ved Sven Olav Saltnes (til venstre) og Atle Bondevik, inviterer veteranar til markering av frigjeringsdagen 8. mai.

Guling vann i Lotto

GULEN: Ein mann frå Gulen vart laurdag 2,2 millionar rikare. Vinnaren var ein av 26 som delte vinsten i Superlotto-trekninga hjå Norsk Tipping laurdag, og kvar av vinnarane kan notera 2.192.305 kroner inn på konto over påskehelga.

Norsk Tipping opplyser av vinnarkupongen vart kjøpt hjå Oppedal Servicebygg i Ytre Oppedal, altså i kiosken på ferjekaien.

I tillegg var det fem som hadde sju rette tal i den vanlege Lotto-trekninga, og som kvar vann 2.723.670 kroner.

Kom deg ut i sola

KNARVIK: Yr.no melder om strålende sol stort sett heile den kommande veka, berre eit par av dagane kan det komma nokre små skyer og ta litt av sola. Dermed heldt det flotte påskeveret me har hatt fram også over høgtida, og oppmodinga må verta at alle brukar sjanse til å komma seg ut og få litt sol på vinterbleike kroppar. Det gjer godt, ikkje minst for humøret. Og hugs, kanskje er desse varme dagane den sommaren me får dette året...

– Sletta passar bra, sidan det ved utvandringssenteret er minnebauta både for 99th Batallion, og for krigsseglarane.

Som kjent var radværingen John Pettersen med i 99th Batallion, den amerikanske avdelinga med berre nordmenn eller norskætta soldatar.

Spesielt inviterte

Etter kvart som åra har gått etter krigen, er det eit aukande tal nordmenn som har gjort teneste

i utlandet på FN- eller NATO-opdrag.

– Det vart for nokre år sidan bestemt av regjeringa at frigjeringsdagen 8. mai også skulle vera veteranane sin dag. Dette er soldatar som er sendt ut på våre vegner, på oppdrag for ein organisasjon der Noreg er medlem.

Ein del veteranar har forsvarsforeininga namn på, men for å nå ut til alle går dei no ut med den opne invitasjonen.

– Dette er også ein sjanse for

veteranar til å få treffa andre som også har tenestegjort ute, seier Sven Olav Saltnes, nestleiar i Nordhordland Forsvarsforening.

Alsaker heldt tale

Tidlegare fylkesmann i Hordaland, Svein Alsaker, skal halda 8. mai-talen. Frå Sjøforsvaret stiller kommandørkaptein Karstein Storaas, som skal halda veteran-tale for krigsseglarane. Det vert også kransnedleggingar.

Etter seremoniane ute vert det

avslutning inne i Emigrantkyrkja, ved Hans Kenneth Sundsbø, som er prest i Fregattvåpenet.

Og til slutt vert det ei matøkt på samfunnshuset Skogen på Sletta, med både betasuppe og kaker. I samband med matserveringa ønskjer arrangørane i Nordhordland Forsvarsforening å få oversikt over kor mange krigsseglarar og veteranar som kjem. Påmeldinga kan ein ta til Radøy kommune, innan torsdag 30. april.

SUDOKU

• Middels								
	7		6			1	4	
6	3			1			7	
2			5					
								1
	2	1				9	3	
7								
			3					8
	8		2			6	4	
	9	5		7		1		

• Vanskeleg								
			9			6		
	9					2	3	
3	2				1			
		4	8		3			1
8			5		7	9		
			6				9	5
	1	2					8	
		6			8			

Svar på førre SuDoku

Middels

1	7	8	9	6	5	3	2	4
6	4	9	2	7	3	1	8	5
5	3	2	4	1	8	6	7	9
2	6	7	3	5	1	4	9	8
4	8	1	7	2	9	5	3	6
3	9	5	6	8	4	7	1	2
7	1	4	8	9	6	2	5	3
8	2	6	5	3	7	9	4	1
9	5	3	1	4	2	8	6	7

Vanskeleg

1	4	8	6	7	5	9	3	2
2	5	3	9	1	4	8	6	7
6	9	7	3	8	2	1	4	5
7	3	6	1	4	9	5	2	8
9	8	4	2	5	7	3	1	6
5	2	1	8	3	6	7	9	4
3	6	2	7	9	8	4	5	1
8	1	5	4	6	3	2	7	9
4	7	9	5	2	1	6	8	3

Levert av Media Berge

Fyll ut dei tomme rutene med tal frå 1 til 9, både vassrett, loddrett og i kvadrata.